

Referat

Årsmøte i Vassvøri sogelag 21. mars 2018 kl. 18.00

i Heradshuset på Evanger

Leiar Grethe Finsrud Agerlie opna møtet og ynske alle 17 frammøtte medlemar velkomne.

Grethe starta med 1 minutt stille for dei to medlemane som var gått bort: Arvid Herfindal og Karl Magne Bolstad.

Kåseri: Kjartan Rødland var invitert til møtet, og heldt ein interessant og humoristisk kåseri om samferdsel i Vassvøri: Særleg om den første stamvegen, som gjekk frå Øyri til Ståi, og som var ferdig i 1806. Både veg og bane var tema, som vart knytt saman på ein god måte.

Etter kåseriet var det tid for kaffi og kaker.

Årsmøtesaker:

Som ordstyrar vart valt Grethe Finsrud Agerlie. Som referent vart valt Kåre Olav Aldal.

Til å skriva under møteboka vart Anny Forthun og Gunnlaug Horvei valt.

Årsmelding: Kåre las opp årsmeldinga, som og var kopierte opp og utdelt. Merknad til årsmeldinga: Sjå under.

Rekneskap: Svein Mykkeltvedt delte ut samandrag av rekneskapen for 2017, og gjekk gjennom postane.

Merknader til rekneskap og årsmelding: Øivind Teigen stilte spørsmål om rekneskapen var frå kalenderåret 2017, eller om det var for årsmøteperioden. Svein svara at rekneskapen var for kalenderåret, og må vera slik grunna årsoppgåver frå bank mm. Øivind spurde og om det same når det gjeld årsmeldinga. Kåre forklarar at årsmeldinga er skriven for funksjonsperioden, dvs. frå årsmøte til årsmøte. Dette har og vore teke opp på tidlegare årsmøter. Øivind meinte at årsmøtet og burde følgja kalenderåret.

Vedtak: Årsmøtet vart, etter litt diskusjon, samde om at årsmeldinga heretter skal fylgja kalenderåret, tilliks med rekneskapen. Neste årsmelding vert difor skriven for kalenderåret 2018.

Innkomne saker: Styret hadde motteke ei sak til årsmøtet frå skriftnemnda: Oppmoding om å få heimesida til sogelaget i gang att. Sitat: «Det vil gje moglegheiter for medlemsauke, auka sal av skrifter, innspel om arbeidsoppgåver og stoff til årsskriftet og ikkje minst – ein hyggeleg kontakt med medlemane».

Styret er samd i dette, og Grethe hadde før årsmøtet teke kontakt med to aktuelle firma som kan laga og drifta ei heimeside. Den gamle heimesida er gått ut på dato for lenge sidan. Grethe har bedt om pristilbod frå desse, og har fått svar frå det eine: Logolink.

Øivind Teigen kom med innspel om at Hordaland sogelag har eit tilbod om heimeside til lokallag. Styret vil undersøkje dette.

Styret arbeider vidare med saka. Det vart samstundes nemnt at Bolstadboka no er tilgjengeleg i digital form. Det kom forslag om at ein kan digitalisere dei årbøkene som er utselde. Desse kan i så fall leggjast på heimesida.

Det kom og framlegg om at dei to første utgåvene av «Frå fjell til fjord», 1995 og -96, burde trykkjast opp att. Desse vart utgitt som hefter, og må skrivast om att. Dette er noko som skriftnemnda og styret kan samarbeida om.

Val: Leif Akerlie møtte frå valnemnda. Han delte ut framlegget frå valnemnda, og tok for seg dei enkelte verv. Alle framlegg frå valnemnda vart samrøystes valt med akklamasjon av årsmøtet.

Styre for 2018 vert slik:

Leiar: Grethe Finsrud Agerlie, attval for 1 år i 2018.

Styret elles: Knut Mestad, valt for 2 år i 2017 (ikkje på val)

Svein Mykkeltvedt, attval for 2 år i 2018

Kåre Olav Aldal, attval for 2 år i 2018

Dag Finne, valt for 2 år i 2017 (ikkje på val)

Varamedlemar:

Kjellaug Århus, attval for 1 år i 2018

Kåre Tufte, attval for 1 år i 2018

Revisorar: Ivar Hernes, attval for 1 år i 2018

Norvald Lien Mugås, valt for 1 år i 2018

Valnemnda for 2018 har vore: Arvid Herfindal, død 13.09.2017. Einar Horvei. Leif Akerlie. Som ny medlem i valnemnda vart valt Anny Forthun.

Handlingsplanen: Grethe delte ut framlegg til handlingsplan for 2018, og gjekk gjennom denne. Spesielt for 2018 er at sogelaget skal vera vert for ein lågterskeltur til Bolstad, som Voss Sogelag og Voss Utferdslag arrangerer 28.april. Planen er å vitja Øyri, med Bedehuset, Borggarden og Kvelven/vinkjellar, der Kjartan Rødland har teke på seg å vera guide. Deretter går ferda vidare til Flåtenaustet.

Grethe kom og med forslag om innsamling og utstilling av gamle bilete, etter «modell» frå Vaksdal Historielag: Forstørre og ramme inn gamle bilete med tekst til kvart bilete.

Elles hadde Arne Skjerven ei oppmoding til laget om å vera aktive når det gjeld å verva nye medlemar. Ved å aktivisere medlemene til ymse aktivitetar kan ein gjera laget kjend for andre, og på denne måten få nye medlemar. Han oppmoda styret om å senda ut referat frå årsmøta til alle medlemar, og å gjera kjend tidlegare utgåver av «Frå fjell til fjord» med innhaldslistar. Begge deler kan leggjast ut på heimesida når den kjem i drift.

Kulturvandring: Styret har planar om kulturvandring på Straume i Vaksdal. Kåre orienterte om aktuelle kulturminne på Straume: Skulemuseet, Kallestadstova, Verpelstadsamlinga, Naustrekkja og Dragebryggja. Ein er av hengig av lokal guide her. Styret kjem tilbake til dato.

Eit anna aktuelt område som bør vera aktuelt for kulturvandring er på Væle, og særleg Prestegarden. Arne Skjerven og Ingmar Mykkeltveit orienterte om dette. Ingmar sa seg villig til å vera guide. Han er svært godt kjend i dette området.

Hordaland sogelag skal ha årsmøte på Voss 7. og 8.april. Sjå heimesida til Hordaland sogelag. Representantar frå vårt lag vil møta her. Guri Teigen gjorde møtelyden merksam på at omvisingar som vert arrangert i samband med årsmøtet på Voss er open for alle alle medlemar i lokale sogelag. Det vert omvising på Helleberget, Bergslitreeet og på Voss Folkemuseum på Mølster.

Takk for innsatsen: Grethe delte ut kvar sin blom og takka for innsatsen til skriftnemnda: Øivind Teigen, Per Eskeland, Knut Hjørnevik og Olav Edal. Sogeskriftseljar Ottar Bergstad fekk og blom for godt boksal.

Til slutt takka Grethe møtelyden for fornya tillit. Ho takka og for frammøtet, og ynskte alle vel heim.

Møtet slutt kl. 20.30.

Kåre Olav Aldal

Anny Karin Forthun

Anny Forthun

Gunnlaug Horvei

Gunnlaug Horvei

